

Forum for natur og friluftsliv Agder
Postboks 101
4662 Kristiansand
(e-post: agder@fnf-nett.no)

Kristiansand, 27.11.17

Hægebostad kommune
Laukroveien 4
4595 Tingvatn

Innspel til kommunedelplan for snøscooterløyper, Hægebostad kommune

Forum for natur og friluftsliv Agder er gjort kjent med at kommunedelplan for snøscooterløyper er ute til offentlig ettersyn, og ynskjer å kome med følgjande innspel;

Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald


Det er så langt vi kan sjå ikkje gjort nye undersøkingar, men utgreiinga er gjort på den kunnskapen som allereie er registrert. I mange høve er det ikkje tilstrekkeleg, og vi ynskjer derfor at Hægebostad kommune gjer fleire undersøkingar i 2018, både vinterstid og i barmarksesong, for å sjå om ein har god nok kunnskap om området.

I planomtalen og i føresegnene kommer det fram at løypetrase del nr.16 på Hobbesland skal stengjast etter 15.februar av omsyn til sårbare viltartar. Vi er glad for at man tar omsyn til viltet, men er usikre på om stenging 15.februar er eit godt nok tiltak, og er redd for trafikken i denne traseen vil fortsette også etter stenging da det allereie har vore løype der. Vi foreslår derfor å ta ut denne delen av planen, slik at det berre er ei stengingstid å huske på for brukarane og for at freistinga ikkje skal bli for stor for køyring etter 15.februar.

Kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv

Det er gjort ei kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Hægebostad kommune. Det var høyring på denne i sommar der alt var lagt inn i ei eigen kartløyning og med ein kort beskriving av grunnlaget for verdsettinga. Vi kan ikkje sjå at det er gjort noko vedtak i denne saka enda, og ber derfor om at ein utsett avgjera om snøscooterløyper til kommunen har verdsett sine friluftslivsområder.

Løypene på Hobbesland går inn i eit område som i Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2020 er satt som eit regionalt svært viktig friluftslivsområde (<http://vaf.no/media/5280639/Temakart-%E2%80%93-Viktige-og-svaert-viktige-regionale-friluftsomraader-i-Vest-Agder.pdf>). I den kartlegginga som er gjort kan vi ikkje sjå at ein har vurdert



heile området, berre ein smal tarm langs skiløypa opp til Blåberg. Men det må jo vere meir enn berre skiløypa som er viktig for friluftslivet her? Målet er jo Blåberg, kanskje ein naturleg plass å raste og ta ein kvil? Og alt rundt løypa har vel i det minste eit potensiale for friluftsliv? Vi vil at det gjerast ei ny kartlegging og verdsetting av dette området, og at ein fylgjer Miljødirektoratets vegleder M98-2013 i arbeidet.

Når det gjeld løypene på Verdalen, har vel området et større potensiale for friluftsliv enn det som går fram av forslaget til kommunedelplan for snøscooterløyper. Viss ein ser på kommunedelplan for Eiken Heiemark, er det planlagt fritidsbustader i same område (<http://webhotel2.gisline.no/GisLinePlanarkiv/1034/90500/Dokumenter/Kart%2090500.pdf>). Og da aukar vel også potensialet for friluftsliv i området og verdien av området. Eller er det skjedd ein endring i kommunedelplan for Eiken Heiemark som vi ikkje har fått med oss?

Føresegner for kommunalt løypenett

Vi ser at det er satt køyreforbod i løypenettet om natta frå klokka 23:30 til 07:00. Det er bra, men vi ynskjer et køyreforbod allereie kl.23:00, slik at ein følger det som oppfattast som alminneleg nattero. Vi ynskjer også at ein i føresegna tar inn stenging på heilagdagane slik at heilagdagsfreden kan haldast (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-02-24-12/%C2%A73#§3>).

Utanom innspela over, er vi nøgd med føresegnene. Ei øvre fartsgrense på 60 km/t fører til mindre støy og meir sikker ferdsel. Vikeplikt for dei som går på ski, lav fart ved kryssing av veg og nær hytter er positivt for sikkerheita til både scooterførere og myke trafikantar. Rastesonar og føresegner for både fart og kor langt av garde ein kan ta scooteren ut av løypa er også bra. Informasjonstavler med føresegner, kart og anna informasjon må vere lett å finne på parkeringsplassane. Føresegnene bør alltid følgje køyreløypet, og bør trykkast opp saman med kart over løypene.


Ulovleg køyring med snøscooter har vore eit utbreidd fenomen, også i Hægebostad kommune, til tross for at det har vore eit tilbod om snøscooterkøyring i øvingsområdet ved Sandvatn. Vi er usikre på om fleire løyper vil redusere den ulovlege køyringa, eller om det blir meir ulovleg køyring det når det kommer nye løyper. Vi er bekymra for om det vil vere nok midlar til oppsyn og handheving av føresegnene, og bed om at dette vil bli prioritert slik at tryggleiken til både scooterførarar og andre brukare av fjellet blir tatt vare på.

Konklusjon

Vi ber om at det gjerast ei ny kartlegging av naturmangfaldet i områda i og rundt forslaget til snøscooterløyper, då kunnskapsgrunnlaget kan vere mangelfullt.

Vi ber om at del nr.16 av løypa på Hobbesland tas ut av forslaget.

Vi ber om at det gjerast ei ny vurdering av friluftslivsområda i Verdalen og på Hobbesland der ein også kartlegg meir av områda rundt skiløypene. Vi ber og om at det gjerast eit vedtak i kommunen om



kartlegginga og verdsettinga som kan brukast i kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv før ein avgjer kommunedelplan for snøscooterløyper.

Vi ynskjer at ein i føresegna tar inn stenging på heilagdagar slik at heilagdagsfreden kan haldast, og at løypene stengjast kl.23:00 i staden for kl.23:30.

Vi er redd for at det vil bli mykje ulovleg køyring i området rundt snøscooterløypene, og er bed om at kontrollar blir prioritert.

Med helsing

Camilla Moseid
Koordinator FNF Agder

For organisasjonane;

Agder botaniske foreining, DNT Sør, Naturvernforbundet i Vest-Agder, Norsk zoologisk foreining
Sørlandsavdelinga



Naturvernforbundet